

Nettverksmøte Sampro IP i Nordhordland

Tilstade: Rannveig Vatshelle Bovim (Meland), Siv Carina Selland-Dalseide (Knarvik), Lene Reigstad Danielsen (Masfjorden), Jørgen Bleikli (Radøy), Kristin Aase (Fedje)

Saker:

Sak 1: Kommentarar til referat frå møtet den 3 juni 2016.

Snakka litt om arkivering underveis og korleis få statusrapport inn i journalsystem.

Sak 2: Siv Carina gjorde ein stor jobb med å stilla ein del spørsmål til blant anna fylkesmannen etter sist møte, og Siv Carina vidaresendte svar til oss. Har Siv Carina eller andre kommentarar til det?

VI konkluderer med følgjande; Koordinator skal vere profesjonsnøytral- ikkje krav til høgare utdanning for å vere koordinator.

Sampro er ikkje journalpliktig, men innhaldet i planane kan vere relevante og nødvendige å overføre til journal. Visma anbefaler å ta en utskrift av en plan før den slettes for å kunne dokumentere at det faktisk har eksistert en plan. Viktig å hugse på at det er brukar sin plan, ikkje kommunen sin.

Rannveig skriv referat frå møter i Sampro og sender det ikkje ut til deltakarene, men lagrar det i journalsystemet i tillegg.

Sak 3: Har kommunane fått på plass superadministratorar?

Grunnlaget for at det er oppretta eit nivå over administratorar er at det var blitt for mange lokale administratorar. Superadministrator skal gjelde både IOP og IP og barnehage. Det bør vere 2 superadministratorar i kvar kommune (gjerne en for IP og en for IOP).

Lindås – systemansvarlige i profil

Meland – Er i prosess med å opprette

Radøy – Ikkje kjent – skal undersøke

Modalen – Foreløpig bare lokal administrator

Masfjorden - Foreløpig bare lokal administrator, usikker i forhold til IOP

Sak 4: Rannveig var på brukarmøte om Sampro i Oslo den 17 oktober, den einaste frå Hordaland. Ho kan referera litt frå denne brukarkonferansen. Ifølge Rannveig er fleire kommunar i gang med "koordinatorskolen". Aktuelt for Nordhordland?

Det jobbes med å få eit elektronisk samtykke i Sampro, slik at me slipp å skanne inn samtykkeskjemaet.

Det er eit prosjekt med betre brukargrensesnitt «look-and-feel» for eksempel i form av app'er for nettbrett og mobil.

Viktig med kurs i møteleiing – Asker hadde fått tilbakemelding om at det var noe av det nyttigaste i kursrekka.

Viktig å tenke over kva som er koordinatoren sin rolle!

Asker hadde også et «minikurs» for avdelingsleiare om rolla til koordinatorane.

Meland kommune er i startgropen med koordinerende team; som består førebels av leiar for helse, leiar for pleie og omsorg og sosiale tenestar, leiar for NAV , barnevern, skulefaglege og barnehagefaglege rådgjevarar.

Vi snakka om å ha eit felles kurs/opplæring av koordinatorrolla.

Sak 5: Utveksle erfaring på korleis me praktisk noterer i/ bruker sampro.

Terje kan viser eksempel på korleis han jobber. Andre deler andre erfaringer.

Sak 6: Organisering og forankring av KE på rådmannsnivå. Dette var eit tema på møteplassen den 25 oktober. Kan Kristin Aase som var medarrangør og/ eller andre som var der orientera litt derifra?

Kristin sender videre en liten oppsummering frå gruppearbeidet frå Møteplassen. Dette er i stikkordsform, men gir noen innblikk.

Sak 7: Evt andre tema de vil ta opp. Me kan avtala på møtet.

Det bes om at alle gir innspel til eit eventuelt felles kurs for Nordhordlandsregionen innan 15.desember 2016. Me tenkjer at om me går inn på eit arbeid her, så vert det fleire møter rett over nyttår for dei som evt deltek.

Neste møte: 21.april 2017; Siv Carina booker rom. Kristin kaller inn til møtet.

Referent i dag: Kristin Aase

Neste møtes referent: Jørgen